

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00036/L.nr: 000277/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 19.09.2005

Meldingar - Vestlandsrådet 2005

Periode 22. juni 2005 – 30. september 2005

| Nr. | Arkivsak | Referansetittel |
|-------|----------|--|
| 32/05 | 05/00041 | Handsaming av høyring "Vestlandsregion eller vidare samarbeid" |
| 33/05 | 05/00065 | Statsbudsjettet 2006 |
| 34/05 | 05/00062 | Masterplan Bergen Lufthamn, Flesland |
| 35/05 | 05/00021 | Tilråding frå Direktoratet for naturforvaltning om endring av verneforskrifter for sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane, Hordaland, og Rogaland fylker |
| 36/05 | 05/00044 | Lokalisering av vindkraftanlegg – behov for regionale planar |
| 37/05 | 04/03797 | Besøk ved møte i Vestlandsrådet |
| 38/05 | 05/00063 | Samarbeid om samferdselskonferanse 2006 |
| 39/05 | | Haukelivegen AS |
| 40/05 | 05/00061 | Vestlandsrådet ber om auka midlar til regional utvikling og nyskaping |



Notat

Frå: Fylkesrådmannen

:

Til: Vestlandsrådet

Kopi til:

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00041/L.nr: 000273/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 16.09.2005

Handsaming av høyring "Vestlandsregion eller vidare samarbeid"

Dette notatet drøfter framdriftsplan for det vidare arbeidet med utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid", sjå oversynet under.

| Milepel | Frist | Kommentar |
|---|---------------------|--|
| Høyringsfrist for utgreiinga | 20. oktober | |
| Møte i politisk arbeidsutval for utgreiinga | Veke 44 | Orientering om høyringsinstansane sine synspunkt – førebels drøfting av vegen vidare/tilråding til fylkestinga. |
| Drøftingsnotat til styringsgruppa vert sendt ut | Om lag 11. november | Notatet drøfter mulege alternativ for vegen vidare |
| Saksframlegg til fylkestingshandsaming | Om lag 11. november | Saka inneheld gjennomgang av høyringsinstansane sin synspunkt – framlegg til vedtak er "Saka vert teke til drøfting" |
| Møte i Vestlandsrådet | 17-18. november | Styringsgruppa vurderer om det er grunnlag for ei felles innstilling/vurdering av vegen vidare |

| | | |
|--|---|---|
| Tilleggsnotat til fylkestinga blir sendt | 21. november | Notat drøfter vegen vidare – ev. med innstilling frå styringsgruppa |
| Politisk handsaming i fylkeskommunane | <i>Rogaland:</i> Regionalkom. 24/11 Fuv 6/12 Fylkesting 13-14/12 <i>Hordaland:</i> Fuv 21-22/11 Fylkesting 13-14/12 <i>Sogn og Fjordane</i> Hovudutvala 20/11 Fuv 29/11 Fylkesting 13-14/12 | |
| Vestlandsrådet/styringsgruppa handsamar sak om vegen vidare på grunnlag av vedtaka i fylkestinga | Januar 2005 | Det vert utarbeidd ei sak med grunnlag i fylkestinga si handsaming |

Kommentarar til framdriftsplanen

Som det går fram av framdriftsplanen, må fylkesrådmennene sende ut saksframlegg før styringsgruppa har møte. Vi finn dette likevel føremålstenleg både av di tidsplanen er stram og vi då unngår eit ekstra møte i styringsgruppe/Vestlandsråd.

Det er naturleg med ei politisk innstilling til vegen vidare. Dette inneber at framlegg til vedtak frå fylkesrådmennene si side vil bli ”saka vert teke til drøfting”. Det blir lagt opp til eit notat til styringsgruppa 17-18. november som drøfter ulike alternativ for vegen vidare.

Fylkesrådmennene vil då leggje fram tilleggsnotat til fylkestingshandsaminga i sine respektive fylkesting der det vert teke utgangspunkt i styringsgruppa si handsaming av saka.

Framdriftsplanen er stram, det er satt av 3 veker frå høyringsfristen går ut til saksframlegg og notat til styringsgruppa skal vere ferdig.

Eg gjer merksam på at framdriftsplanen tilrår eit møte i veke 44 der tilrådinga frå Vestlandsrådet vert førebels drøfta.

Eg ber om at spesielt vekslingane mellom Vestlandsrådet og den politiske prosessen i fylka vert vurdert.

Med helsing

Per Drageset
fylkesrådmann

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Sakshandsamar Signe Eikenes
Tlf.dir.: 57 65 62 56

E.post:
signe.eikenes@sf-f.kommune.no

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Vestlandsrådet

Kopi til:

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00065/L.nr. 000246/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 02.09.2005

Statsbudsjettet 2006

Den sitjande regjeringa skal legge fram budsjettproposisjonen 14. oktober. Fylkesrådmannen ventar at Samferdselskomiteen legg opp til ein høyringsrunde der fylka kan melde frå om dei ynskjer å møte komiteen. Vi var med på eit slikt opplegg i fjor, og i tillegg til å ha litt tid kvar hadde Vestlandsfylka eit samla møte med komiteen. Dette var svært vellukka, og vi ynskjer difor å køyre eit tilsvarande opplegg i år.

Vi ser på E 39, Kyststamvegen, rassikring og ferjesamband på anbod som dei viktigaste tema i år i tillegg til å følgje opp handlingsprogrammet for 2006 generelt. I tillegg vil vi ta opp rammevilkåra for at Vestlandsforsøket skal vere eit reelt forsøk.

Ferjestrekningar på anbod i 2005 og 2006:

Statens vegvesen arbeider nå med å legge dei ulike ferjestrekningane ut på anbod. Det blir lagt til grunn to alternativ i anbodet: 1) Vedteken standard og 2) Dagens standard der det er vesentleg avvik mellom desse. I førebuingarbeidet legg Statens vegvesen opp til eit samarbeid med fylkeskommune og aktuelle kommunar. Vi har med Vestlandsrådet sine føringar for arbeidet som seier det er viktig å oppretthalde eksisterande servicetilbod, og dersom det blir innsparingar bør desse kome trafikantane til gode gjennom eit betra tilbod. I tillegg til å sikre at det i anbodsføresetnadene på nye anbodssamband vert lagt inn eit godt rutetilbod er det viktig å også sikre trafikkavviklinga i andre samband. Vi vil spesielt nemne E39 Boknafjordsambandet i Rogaland – landets nest mest trafikkerte ferjesamband. I 2004 hadde sambandet ein oversittingsgrad på 10% med 82.000 gjenstående køyretøy, og i 2005 ser det ut at oversittingsgraden blir på 12% med over 100.000 gjenstående køyretøy.

Nedanfor er det vist dei aktuelle sambanda som skal lysast ut i 2005 og 2006:

Stamvegsamband:

- ✓ E 39 Molde – Vestnes blir utlyst i løpet av inneverande år og truleg som ein del av ein ”større pakke”.
- ✓ E 39 Halså – Kanestrøm
- ✓ E 39 Solevåg – Festøy
- ✓ E 39 Lavik – Oppedal skal lysast ut i 2005 i pakke saman med det øvrige riksvegsambandet rv57 /rv606 Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella for ein oppstart av drifta i 2007.
- ✓ E 39 Anda – Lote skal saman med riksvegsambanda Måløy – Oldeide og Isane – Stårheim etter planen lysast ut i 2006 med ein oppstart av drifta i 2008.
- ✓ Rv5 Mannheller – Fodnes skal lysast ut saman med Rv 13 Hella – Vangsnes – Dragsvik. Oppstart i 2007.

Øvrige riksvegsamband i Møre og Romsdal:

- ✓ Rv670 Sandvika – Edøy
- ✓ Rv61 Hareid – Sulesund
- ✓ Rv60 Ørsnes – Magerholm
- ✓ Rv659 Skjelten – Nordøyane
- ✓ Rv680 Seivika - Tømmervåg

Øvrige riksvegsamband i Sogn og Fjordane:

- ✓ Rv13 Hella – Vangsnes – Dragsvik er lyst ut saman med Rv5 Mannheller – Fodnes.
- ✓ Rv608 Askvoll – Gjervik – Fure – Værlandet skal utlysast i 2005 med oppstart i 2007.
- ✓ Rv616 /rv15 Isane – Stårheim
- ✓ Rv616 /rv617 Måløy – Oldeide. Desse to sambanda skal lysast ut i 2006 saman med E 39 Anda – Lote. Oppstart 2008.
- ✓ Rv57 /rv606 Rutledal – Rysjedalsvika – Krakhella skal lysast ut saman med stamvegsambandet E39 Lavik – Oppedal i 2005 med oppstart i 2007.

Øvrige riksvegsamband i Hordaland:

- ✓ Rv552 Haltvik – Venjaneset
- ✓ E39 /rv49 Halhjem – Våge. Desse to sambanda skal lysast ut saman i 2005 med oppstart i 2007.
- ✓ Rv57 Leirvåg – Sløvåg – Skipavik skal lysast ut i 2006 /2007 med oppstart i 2008 /2009.
- ✓ Rv568 Fedje – Sævrøy skal lysast ut i 2006 /2007 med oppstart i 2008 /2009.
- ✓ Rv49 Jektevik – Hodnanes – Huglo skal utlysast i 2006 med oppstart i 2008

Øvrige riksvegsamband i Rogaland:

- ✓ Rv46 Sand – Ropeid
- ✓ Rv13 Hjelmeland – Nesvik. Desse to sambanda skal lysast ut i ein pakke i 2005 /2006 med oppstart i 2007 /2008.

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Sentralbord: 57 65 61 00

Sakshandsamar Signe Eikenes
Tlf.dir.: 57 65 62 56

E.post:
signe.eikenes@sf-f.kommune.no

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Vestlandsrådet

Kopi til:

Vår ref. (nyttast ved korrespondanse)
Ark.nr.: 05/00062/L.nr: 000271/05

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 16.09.2005

Masterplan Bergen Lufthamn, Flesland

Vestlandsrådet har som høyringsinstans fått tilsendt Masterplan for Bergen Lufthamn, Flesland. Fylkesrådmannen meiner det er eit godt arbeid som her ligg føre. For det regionale nivået representerer masterplanen med vedlegget, som særleg tar opp dei samfunnsmessige verknadene av ei utvikling på Flesland, informasjon om kva nytte regionen og lufthamna har av kvarandre. Planen viser kva tiltak som må iverksettast i tida framover for at særleg Hordaland og Sogn og Fjordane fortsatt skal ha ein tenleg flyplass i si midte.

Fylkesrådmannen saknar ei vurdering av samspelet mellom Bergen Lufthamn Flesland og dei regionale flyplassane. Fjord-Norge, spesielt med Nærøyfjorden og Geiranger på verdsarvlista, kan generere stor turisttrafikk om ein legg tilhøva til rette. Dei regionale flyplassane vil då vere viktige for å frakte turistane fort fram til destinasjonsmåla. På tilsvarande måte er dei regionale flyplassane viktige for å innmating til Flesland for reisande frå distrikta både innanlands og utanlands. Fylkesrådmannen vil difor gje Avinor tilbakemelding om dette i sin høyringsuttale.

Ein gjennomgang av masterplanen følger på dei neste sidene.

Vedlegg: Masterplan for Bergen Lufthamn, Flesland -- konsultering (uprenta)

Bakgrunn

I brev av 29.06.05 frå Avinor er Masterplan for Bergen Lufthavn, Flesland sendt ut til konsultering. Bakgrunn for at Avinor nyttar begrepet masterplan er m.a. at den har ein større detaljeringsgrad på ein del område og lengre tidshorison enn dei tidlegare lufthamnplanane. Det er og verd å merke seg at ein masterplan ikkje er juridisk bindande på linje med kommunedelplanar og reguleringsplanar.

Kvifor utarbeide Masterplan for Bergen Lufthavn

I arbeidet med planen er det lagt vekt på å forankre planen i næringslivet, kundane, tilsette, lokalmiljøet og andre samarbeidspartnarar som t.d. Forsvaret. Men ikkje minst er det lagt opp til at planen skal vere eit innspel til kommunal og regional planlegging. Fylkeskommunen har, saman med Bergen kommune, flyselskapa, handlingsselskapa på Flesland og Bergen Næringsråd, vore administrativt representert i dette planarbeidet m.a. for å syte for at fylkeskommunale og kommunale planar og interesser vart ivareteke i planarbeidet.

I innleiingskapittelet til planen vert det presisert at Avinor med denne planen ønskjer å vektlegge behovet for *eit verktøy for interessentane kring lufthamna for å sikre områder for nødvendig framtidig ekspansjon, og å få kartlagt behovet for investeringar i nødvendig infrastruktur på mellomlang og kort sikt.* I den framlagde masterplanen har ein fått fram relativt detaljerte planar for dei 10 første åra når det gjeld behovet for etappevis utbygging, og det er utarbeidd skisser for løysingar heilt fram til 2050.

Overordna planar

NTP 2006-2015

Det vert vist til at Nasjonal Transportplan 2006-2015 som vart handsama av Stortinget 15. juni 2004 ikkje gir føringar for masterplanarbeidet på Flesland i motsetning til dei føringar som ligg i handlingsprogramma for Statens vegvesen, Jernbaneverket og Kystverket. Dette avdi det i Samferdsledepartementet sine retningslinjer for NTP-arbeidet m.a. heiter at *Nasjonal transportplan legg ikkje føringar på kva for økonomiske rammer Avinor skal planlegge sin aktivitet innanfor. Og at prioriteringa av Avinor sine ressursar blir styrt av selskapet sine egne organ innanfor gjeldande vedtekter og rammetilbøve.*

"Eigarmelding"

Avinor legg kvart år fram plan for verksemnda for samferdselsministeren, og som annakvart år er grunnlag for melding til Stortinget. Gjeldande melding er St.melding nr. 36 (2003-04). Denne meldinga vart handsama parallelt med NTP. Men det vert i den utsende masterplanen presisert at heller ikkje i denne meldinga vert det gitt konkrete føringar for den framlagde masterplanen.

Strategiplan for Avinor

Den gjeldande strategiplanen for Avinor frå 11.01.05 har desse hovudmåla: Tryggleik, Økonomi, Kundetilpassa tenester, Organisasjon (Avinor som attraktiv arbeidsplass og godt arbeidsmiljø) og at Avinor skal oppfattast som miljøbevisst og konstruktiv bidragsytar i norsk samfunns- og næringsutvikling.

Ei viktig endring i denne strategiplanen i høve til tidlegare planar er at det vert vektlagd å auke dei kommersielle inntektene med minimum 50% meir enn passasjerveksten, og at ein skal

utvikle og etablere verksemder innanfor nye forretningsområde. For Flesland kjem dette m.a. til uttrykk i konkrete planar om å etablere nytt hotell i tilknytning til ekspedisjonsbygget. Vidare er det eit siktemål å sikre areal for langsiktig utvikling for Gardermoen og dei store lufthamnene.

Eksterne planar

Av eksterne planar som det vert vist til i masterplanen er Fylkesplan for Hordaland, Kommuneplan for Bergen og reguleringsplanar.

Fylkesplan for Hordaland

Avinor viser i masterplanen til at det med m.a. bakgrunn i Fylkesdelplan for transport i Bergensområdet vart oppretta eit Marknadsråd for flyplassen som eit første steg mot ein regional styringsmodell for lufthamna. Marknadsrådet er framleis aktivt, særleg når det gjeld å freiste å få fleire direkte internasjonale ruter til / frå Flesland.

Det vert vidare vist til at i Fylkesplan for Hordaland, som no er ute på høyring, er tatt med følgjande under avsnittet transport: "Bergen lufthavn har mykje å seia for næringsliv og turisme i Fjord-Noreg og Hordaland. Det må satsast på vidare utvikling av infrastruktur, auka terminalkapasitet og areal for ein framtidig ny rullebane." Og vidare under samferdselsstrategiar at ein skal "styrkja den regionale medverknaden i utviklinga av Bergen lufthavn. Sikra utbygging med auka terminalkapasitet, betre tryggleiksutstyr og framtidig ny rullebane. Arbeida for fleire internasjonale flyruter frå Bergen, m.a. gjennom reduserte avgifter."

Kommuneplan for Bergen

Den gjeldande kommuneplan for Bergen er oppteken av å sikre areal for vidare utvikling av Bergen lufthamn og viser og til at Bystyret i mars 2000 vedtok å planlegge og bygge bybane på strekninga Sentrum-Nesttun-Rådal-Flesland. Arbeidet med bybane fram til Nesttun er som kjent no kome eit langt steg vidare realisering. Når det gjeld vidare framdriftsplanar er ikkje forlenginga til Rådal og Flesland avklart, men i gjeldande kommunedelplan for området er det fastlagd ein trase frå Birkelandsskiftet via Blomsterdalen og inn til flyplassen frå sør.

Andre eksterne planar (ideskisser)

Av andre eksterne planar som det vert vist til er NSB Region Vest sine planar om å forlenge Bergensbana fram til Flesland via Fyllingsdalen og Kokstad/Sandsli. Reisetid med "Flytoget" er førebels berekna til 20 minutt.

Det vert og vist til at Bergen Yards saman med NCC arbeider med planar om utvikling av eit større hamneanlegg vest for flyplassen, nord for "Gamle" Flesland. Det er her tale om kontainerhamn og ny snøggbåthamn. Ein vurderar tilkomst til området via tunnel under flyplassen. Masterplanen poengterar at ein ved eventuell vidare planlegging av hamn vest for rullebana vil krevje omfattande dokumentasjon av eventuelle endringar i vindtilhøva for innflyginga for rullebana.

Når det gjeld vidare utbygging av Kokstadorrådet viser Avinor til at ei vidare utbygging av næringsområda vestover mot lufthamna bør kunne finne stad etter avhending av Forsvaret sine areal av denne del av lufthamna.

Gjeldande lufthamnplan

Den gjeldande lufthamnplanen frå 2002 byggjer på ei prognose som tilseier ei dobling av trafikken over Flesland på 30 år. Med grunnlag i dette finn ein desse viktigaste hovudtrekka i lufthamnplanen frå 2002:

- Det vert avsett plass til ei rullebane nr 2
- Flyoppstillingsplassane både for innland og utland vert utvida
- Nye pirar for innanlands- og utanlandstrafikk
- Ekspedisjonsbygget vert ombygd, men ein beheld prinsippa med toplanløysing med avgangar i andre høgda
- Det er avsett plass for endestasjon for bybana, utviding av parkeringshus, ny parkeringsplass på mark og nødvendige areal er avsett til tilkomstveg
- Driftsbygningar, brannstasjon og administrasjonsbygningar vert flytta internt på flyplassen
- Utfylling av Skjenavatnet for å gje plass til hangarar og verkstader

TRAFIKKUTVIKLING – POTENSIALE - PROGNOSE - SCENARIA

Det er utarbeidd 3 scenarie for trafikkutviklinga over Flesland fram til 2020, og antyda vidare utvikling fram til 2050 i form av "perspektiv". Når det gjeld bakgrunn for kva som ligg bak dei tre scenaria viser vi til Masterplanen som uttrykt bilag. Det vert nytta eit referansealternativ, eit lågare alternativ og eit høgt alternativ for utvikling av tal reisande over Flesland. Nedanfor er utviklinga gjengitt for dei tre alternativa /scenaria. I desse tala er rute- og charterpassasjerane slått saman.

2004 -2020

Perspektiv

| Alternativ | Mill. pass | Mill. pass | Mill. pass | Vekst i | Mill. pass | Mill. pass | Mill. pass | Vekst i |
|------------|------------|------------|------------|----------|------------|------------|------------|----------|
| | i år | i år | i år | perioden | i år | i år | i år | perioden |
| | 2004 | 2010 | 2020 | 2004-20 | 2030 | 2040 | 2050 | 2020-50 |
| Høgt alt | 3,73 | 4,5 | 6,2 | 65 % | 7,6 | 9,3 | 11,5 | 86 % |
| Ref. alt | 3,73 | 4,3 | 5,7 | 51 % | 6,5 | 7,5 | 8,7 | 53 % |
| Lågt alt. | 3,73 | 4,1 | 5 | 33 % | 5,4 | 5,9 | 6,4 | 29 % |

I dei ulike alternativa blir altså veksten 65 % med høgste alternativ, tilsvarande 3,2 % årleg vekst, referansealternativet tilseier 2,6 % årleg vekst og lågaste alternativ gir 1,8 % årleg vekst.

Ser ein på utviklinga i tal flybevegelsar viser oppsettet i masterplanen ein auke frå 2004 til 2020 på 47 % for høgste alternativ, 33 % for referansealternativet og 20 % for det lågaste alternativet.

ANALYSAR

Nødvendige tiltak på Bergen lufthamn Flesland

Ut frå den trafikkutviklinga som er berekna for Bergen lufthamn har ein i masterplanen vist kva konsekvensar dette vil få både for tiltak når det gjeld trafikkavviklinga på rullebanene, oppstillingsplassar, drifts- og administrasjonsbygningar og behovet for parkeringsplassar.

Rullebane og oppstillingsplassar

Ut frå berekningar av talet på flybevegelsar over døgnet, men med særleg vekt på ”dimensjonerande time” (peak hour) konkluderer masterplanen med at ei ny rullebane bør vere operativ om 20 til 25 år.

I dag er det behov for 11 til 12 oppstillingsplassar ved passasjerterminalen, ut frå totaltalet på flybevegelsar over dagen. Men med utgangspunkt i 13 ankomstar i den dimensjonerande time er behovet 19 oppstillingsplassar (og gates). Ut frå prognosane for trafikkveksten på Flesland vil truleg behovet for tal oppstillingsplassar auke til 22 plassar i 2010, 25 i 2015, 28 i 2020, 30 i 2025 og i 2050 er behovet berekna til 40 oppstillingsplassar.

Bygningar

Etter ombygginga av utanlandsavdelinga i 2005 er publikumsarealet på flyplassen i dag nesten 14.000 m². Avinor sine omrekningsfaktorar for plassbehovet på norske flyplassar tilseier at Avinor sine minstestandarar for terminalen vil bli nådd i 2021 ved lågt alternativ, i 2016 ved referansealternativet, og i 2013 ved høgt alternativ. Men som det vert framheva i masterplanen, ein må ta høgde for behovet for kommersielle areal. Som vist til under Avinor sine strategiplanar skal det satsast på å auke den kommersielle inntekta med 50 % meir enn passasjerveksten. Dette tilseier, utfrå masterplanen, at skulle ein gå etter ”opningsstandard” for norske flyplasser er behovet i dag ca. 20.500 m², og etter minstestandarden ca. 12.000 m².

Parkering

Det er i dag tilgjengelig 2560 parkeringsplassar på Flesland, mens behovet er ca 2000. I samband med bygging av flyplasshotell og utviding av flyoppstillingsplass vert talet redusert til ca. 1740 plassar, og Avinor bereknar at ein difor har behov for 260 nye plassar for å dekke dagens behov. Om det ikkje vert etablert spesielt gode kollektivtransporttilbod reknar Avinor med at behovet for parkeringsplassar vil auke proporsjonalt med tal reisande over flyplassen. Det vert vist til at om ein tek i bruk området mellom tilkomstvegen til flyplassen og dagens markparkering vil ein kunne etablere ca 700 nye plassar, og dette vil då kunne dekke behovet fram til 2010. Det ligg og føre planar om å utvide parkeringshuset. Dette vil bety at ein då vil ha tilstrekkeleg parkeringskapasitet fram til 2015.

Andre arealmessige konsekvensar ved aukande trafikk

Med bakgrunn i framtidig trafikktalet viser masterplanen til at det og vil få konsekvensar for behovet for taksebaner, som igjen vil medføre at ein må flytte på t.d. brannstasjonen. For yttarlegare informasjon viser ein til uttrykt vedlegg.

Område for flyfrakt

I 2004 utgjorde flybevegelsar med reine fraktfly berre 2370 bevegelsar, d.t. at dette berre utgjorde 2,7 % av det totale talet på flybevegelsar i lufthamna. Avinor viser til at det kan vere aktuelt å sjå på om det er mogleg å få til nye fraktruter i samarbeid med næringslivet, flyselskap, speditorar etc. Det vert her vist til område som m.a. olje og gass, skipsutstyr, elektronikk og fiskeri etc. Men, vert det framheva i masterplanen, alle aktørar på dette

området *må ikkje* vere lokalisert til flyplassområdet. Mykje av førehandslagring, ompakking og liknande kan gjerast andre stader i Bergen eller i nærleiken av Bergen.

Flyplasshotell

Som det er nemnt tidlegare under Avinor sine strategiplanar er det lagt opp til at det vert etablert eit flyplasshotell som ligg slik til at ein kan gå tørrskodd mellom terminal og hotell. Etter planane skal bygginga av hotellet starte opp allereie i år.

Konkurransflate mellom fly og andre transportmiddel – tilrettelegging av infrastruktur

Masterplanen viser til at det går føre seg ei omfattande omfordeling mellom dei ulike transportmidlane, særleg mellom fly og bil. Ein viktig forklaringsvariabel på slik omfordeling er prisutviklingen på dei ulike transportmidlane. For Flesland sitt vedkomande har ein konkurranse med snøggbåt og buss når det gjeld destinasjonane Haugesund og Stavanger. Mot Sogn og Fjordane er det buss og privatbil som er største konkurrenten til fly. Avinor viser til i masterplanen at for at flytransporten skal kunne møte konkurransen med dei andre transportmidlane må det leggjast til rette for at tilkomstvegen til Flesland får nødvendig standard og kapasitet, at det vert høve til å auke parkeringstilbodet, og at det vert lagt til rette for kollektivtransporten til/frå lufthamna.

SAMFUNNSMESSIGE VURDERINGAR

Møreforsking, som har vore engasjert med å greie ut dei samfunnsmessige verknadane av Bergen lufthamn Flesland, har levert ein eigen rapport som følgjer som uttrykt vedlegg. I sjølve masterplanen er det tatt inn eit samandrag av denne rapporten.

Samfunnsøkonomiske verknader

I innleiingskapitlet av rapporten viser ein til lufarten si rolle i Noreg, folketal og folketalutvikling i Hordaland og næringsliv og verdiskapinga i Vest-Noreg. I analysen som følgjer deretter er hovudpoenget å vise kva dei samfunnsøkonomiske kostnadane kan bli om kapasiteten på Flesland ikkje vert auka. Dette er meirkostnader som i stor grad fell på trafikantane avdi dei enten må reise til andre tidspunkt på døgnet, får forseinkingar, må velge alternativ transport eller ikkje å reise. I analysa vert desse kostnadane sett opp mot dei investerings- og driftskostnader som må settast inn for å utvide kapasiteten i takt med trafikkveksten.

I denne saka vil det føre for langt å gå inn i dei vurderingar som kjem fram i rapporten, men ein av konklusjonane er at Masterplanen med sine scenarie om trafikkutvikling og utbyggingsplanar er samfunnsøkonomisk robust. Og sett i høve til kostnadene vert lønsemnda god om ein samanliknar med andre tiltak i transportsektoren.

Ringverknader av Bergen lufthamn

I rapporten frå Møreforsking har ein kartlagt dei direkte, indirekte og induserte verknadene av Bergen lufthamn, basert på talet sysselsette innanfor lufthamnngjerdet, og den samla produksjonsverdien som kan relaterast til aktivitetane i lufthamna er vurdert.

I dag er det sysselsett ca 1360 personar på Flesland, og det er berekna at dagens sysselsetting frå aktivitetane i lufthamna vil auke frå dagens 3400 årsverk (direkte og indirekte sysselsette) til 10500 i 2050 om ein nyttar høgste trafikkalternativ, og 5800 i det lågaste alternativet. Om

tiltaka i masterplanen ikkje vert følgt opp kan sysselsettinga i det høgste alternativet gå ned frå 10500 i 2050 til ca 4650 sysselsette.

Reiseaktivitet etter næringsgrupper

Dei ulike næringsgruppene har ulik reiseaktivitet pr sysselsette i dei einskilde næringar. I oversikten for dei reisande over Bergen lufthamn viser det seg at primærnæringsane skil seg ut saman med industri og olje/gass med høvesvis 18 og 21 einskildreiser pr. sysselsett. Når ein her talar om primærnæringsane gjeld det særleg havbruk og fiskeeksport. Oversikten i rapporten viser difor kva for sektorar som vil kunne få dei største ulempene ved eventuelle kapasitetsavgrensingar på Flesland.

Verknader for reiselivet

Rapporten tek opp reiseaktiviteten som er knytt til turisme. Dette vert avleidd m.a. av talet på flyreiser gjort av utlendingar. Det er berekna at reiselivsrelatert konsum for innkomne flyturistar når det gjeld gjestedøgn på hotell og liknande, utgjorde ca. 330 mill. kr. i 2004. Anna konsum vert berekna til ca 240 mill. kr. Med auke i trafikken over lufthamnene i Noreg av innkomne turistar reknar ein med at hotella vil auke sine inntekter med mellom 900 og 1,9 mrd kr. fram til 2050, og for anna konsum mellom 670 mill kr og 1,4 mrd. kr. Det vert presisert at ein ikkje veit kor mykje av dette konsumet som finn stad i Hordaland, men sett i samanheng med Hordaland som turistfylke elles er det grunn til å tru at ein vesentleg del vert lagt att i Hordaland og Sogn og Fjordane.



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Direktoratet for naturforvaltning

| | | |
|--------------------------------|---------|-----------|
| SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE | | |
| SENTRALADM. FYLKESHUSET | | |
| AKT.NR. | DOK.NR. | L.NR. |
| 05/00021 | 020 | 000224/05 |
| 12 JUL 2005 | | |
| KODAR | | |
| SAKSH. | AVD. | BRAD. |
| | JR | |
| LOK. | FL. | S.L. |

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
04/10090 ARE-VE-TLA

Dato:
04.07.2005

Arkivkode:
422.3/14/12/11

Tilrådning fra Direktoratet for naturforvaltning om endring av verneforskrifter for sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylker

Vedlagt oversendes tilrådning om endring av verneforskrifter for sjøfuglreservater i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylker. Endringsforslagene gjelder kun spørsmålet om taretråling. Direktoratets tilrådning er en oppfølging av St. meld. nr. 43 (1998-99) *Vern og bruk i kystsona*, og etterfølgende arbeid i fylkesregionale arbeidsgrupper for forvaltning av tang og tare.

St. meld. nr. 43 (1998-99) *Vern og bruk i kystsona* legger til grunn at eksisterende verneområder skal gjennomgås når forvaltningsplanen for taretråling foreligger. I denne gjennomgangen skal det vurderes om det fremdeles er nødvendig å legge restriksjoner på taretråling i verneområder. Dersom det ikke er nødvendig, skal man endre vernereglene og/eller størrelsen på vernearealet. I den forbindelse vises det til at hovedretningslinjene for taretråling som fremgår av Stortingsmeldingen bør legges til grunn ved vurderingen. Ved behandling av Stortingsmeldingen i Innst. S. nr. 168 (1999-2000) har et flertall i energi- og miljøkomiteen sluttet seg til at det på bakgrunn av forvaltningsplanen gjøres en gjennomgang som utjevner ulik praksis mellom verneområder i ulike fylker.

